



NU-kontakt

Meldingsblad for Noregs Ungdomslag, nr 1/2006

Denne lagssendinga inneheld:

- NU-kontakt
- Førebels sakliste og innkalling til årsmøtet
- Informasjon om fagseminara 8.-10.09 2006
- Folkekulturfestivalen 2006: plakat, program, kappleiksinformasjon og laiv: "Englevakt"
- Sats Ungt - brosjyre
- Ny medlemsbrosjyre
- Sommarkursbrosjyre
- FRIFOND-skjema, søknadsfrist 1.mai
- NUR 2006 - Noregs Ungdomsring
- Kontingentkrav

Velkommen til Trondheim og Folkekulturfestivalen!

Enno ligg vinteren som eit kvitt teppe over Trondheim. Og sjølv om dagane blir lysare og lengre, er det ikkje mykje som minner om sommar akkurat no. Nidarosdomen, der Sondre og Annbjørg m.fl skal gje oss store musikkopplevingar, ligg majestetisk og ventar. Alle kafeane på Bakklandet og i Midt-byen vil opne uteserveringa og slå opp parasollane, og på kveldane skal vi danse til noko av det beste folkemusikk-Noreg har å by på.

Sjølv om det har vore utruleg lett å få artistar til å kome på festivalen vår. Sjølv om alle vi søker om økonomisk støtte frå har stor tru på det vi gjer. Sjølv om energiske, kreative sjeler i BUL i Nidaros planlegg og organiserer med liv og lyst, så er det **alle dykk** rundt i heile landet som må ta turen hit og gjere denne festivalen til ei stor og viktig hending. Dette er Noregs Ungdomslag sitt ansikt. Her kan vi vise fram alt vi driv på med og står for. Vi ER folkekulturen i Noreg, vi driv ikkje berre på med den!

Sjå på programmet, la deg begeistre, reis hit til oss og så skal vi gjere vårt for at du og dine får nokre fantastiske dagar med godt selskap og store opplevingar. Ungar og ungdom i alle aldrar; VELKOMEN TIL FOLKEKULTURFESTIVALEN I TRONDHEIM

Hill-Aina Steffenach – festivalsjef

Årsmøte 2006

Årsmøtet i Noregs Ungdomslag er i år lagt til Trondheim 5. og 6. juli! Innkalling og førebels sakliste finn de i denne sendinga.

NU-kontoret held påskestengt

NU-kontoret ynskjer dykk alle ei god påske. I perioden frå palmehelga og til 2. påskedag held kontoret stengt. Vi håpar alle tillitsvalde slappar godt av i påska og kjem tilbake med ny energi veka etter!

Fylkesfinale i Kven veit?

Kven veit?-nemnda har laga eigne spørsmål til fylkesfinale. Skal ditt fylkeslag skipe til fylkesfinale i Kven veit? så kan de bestille spørsmål frå NU på ida@ungdomslag.no, 24 14 11 10 eller frå Tor Steinar Fromreide telefon 911 29 863. Alle fylkeslag kan skipe til finale og alle lag kan vere med. Det er ikkje ein føresetnad å ha vore med i sjølve Kven veit? De rettar og avgjer resultatet sjølv, men send oss gjerne resultatlista så kan vi legge den ut på heimesidene.

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

Nettside: www.ungdomslag.no

Postadresse

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Kontakt: informasjon@ungdomslag.no

Kontor

Tollbugata 17

Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550

Norsk Amatørteaterfestival 2007

Ikkje kast kostyma – kom på festival!

Det Norske Teatret og Noregs Ungdomslag har saman bestemt at det blir ny teaterfestival i mai/juni 2007! Frist for å søkje om å bli plukka ut til programmet og å få oppleve å spele på Det Norske Teatret er **1. november**. Informasjon om festivalen og søknadsskjema vil bli lagt ut på heimesidene våre når dette er klart. Vi nyttar høvet til å seie tusen takk til alle gruppene som var med i 2005 og inviterer teatermiljøet vårt til ny fest og faglege utfordringar i 2007! Spørsmål kan rettast til Ida Marie Holmin, ida@ungdomslag.no, 24 14 11 13.

Kontingent 2006

Det er ingen endring av kontingenten for 2006. Grunnkontingenten er kr. 2.300. Har laget meir enn 20 medlemmer betaler de i tillegg kr. 200 per medlem. Barn og unge under 26 år blir rekna som ½ medlem ved utrekning av kontingent.

Medlemskort blir sendt til laget når de har betalt kontingent og laget har sendt inn medlemsliste og årsmelding for 2005. Hugs at disse skal være signert av den som var leiar i laget i 2005.

Som NU medlem kan du søke tilskott frå:

Opplæringsfondet i Noregs Ungdomslag
Fondet gjev støtte til medlemmer som tar utdanning som til dømes sommarkurs, fagseminar i NU regi, eller anna relevant utdanning. Søkarane må dokumenter at han eller ho vil nytte kunnskapane frå opplæringa i arbeidet i organisasjonen. Vi ber også om at søkaren legg ved ein anbefaling frå eit lokal- eller fylkeslag. **Søknadsfrist 1. mai.**

Frifond

Frifond er tilskott til kulturaktivitet for barn og unge i lokallaga. Søknadsskjema med retningslinjer er med i denne sendinga. I fjor hadde vi kr 1.120.000 til fordeling!
Lag som fekk midler i 2005 må hugse å sende inn rapport. **Søknadsfrist 1. mai.**

Siste sjansel!

Aspirantkurs i Oslo 28. – 30. april

Aspirantkurset er for deg som har ein del danseerfaring, og er første steget på vegen til å bli folkedansinstruktør. Lærer: Marianne Dahl (skal òg ha sommarkurs)
Dette kurset er godkjent som aspirantkurs både for deg som vil bli folkedansinstruktør og for deg som vil bli barne- og ungdomsinstruktør i folkedans gjennom *Leik og læring*.

Mange er allereie påmelde!

- har du lyst, eller veit om nokon som har?
Send ein e-post til synnove@ungdomslag.no
Påmeldingsfrist: 14. april.
Les meir under folkedans/folkemusikk på www.ungdomslag.no

Stønadsordningar gjennom Fylkesmannen

Etter tips frå Bente Fidje i Aust-Agder Ungdomslag, oppfordrar vi alle lag om å sjekke med fylkesmannen om det finst midlar til aktivitet som betrar helsa. I Aust-Agder kan ein søke over to ulike postar:

1. Aktivitetsmidlar til fysisk aktivitet og frivillig sektor
2. Tiltaksmidlar til lokalt folkehelsearbeid innan ernæring, fysisk aktivitet og tobakk.

Gå inn på fylkesmannen.no og finn ut om du kan søke midlar i ditt fylke.

På jakt etter manus?

Vi har utvida arkivet med manus som vi har overteke frå Norsk teaterråd. Gå inn på www.dramas.no og bestill manus for gjennomlesing.
Trenge du råd eller har lyst på ein teaterprat? Ring Ida Holmin på NU-kontoret, tlf 24 14 11 13.

Vil de arrangere Folkekulturfestivalen i 2007?

Fleire lokal/fylkeslag/lokalmiljø er no i tenkjeboksen om dei vil ta på seg å vere arrangør saman med NU sentralt for Folkekulturfestivalen i 2007. Ta kontakt med sentralledet om de har eit godt konsept, seinast innan **1. mai.**

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

Nettside: www.ungdomslag.no

Postadresse

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Kontakt: informasjon@ungdomslag.no

Kontor

Tollbugata 17

Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550

Aktivitetsskalender

| | |
|----------------------|---|
| 21.04 - 23.04 | Samling i URA, Porsgrunn og Nordnorsk samling, Bodø |
| 21.04 | Dansekveld Bergen ul Ervingen |
| 22.04 | 30 årsjubileum for Bodø Folkedanslag Bodø |
| 23.04 | Årsmøte i Norske Lagsbruk, Oslo og Folkedanskveld med Bærums spelemannslag, BLS Oslo |
| 28.04 | Premiere på stykket Ein anarkists tilfellelege død, Trondheim |
| 28.04 – 30.4 | Aspirantkurs folkedans i Oslo |
| 29.04 | Dansens dag nasjonal feiring |
| 01.05 | PÅMELDING TIL SOMMARKURSA, NOREGS UNGDOMSRING, FOLKEKULTURFESTIVALEN OG FRAMSYNINGSKAPPLEIKEN, FRIFOND-SØKNAD |
| 05.05 - 07.05 | Røros-leiken Røros |
| 07.05 | Folkedanskveld med "Veggpryden", BLS Oslo |
| 07.05 - 08.05 | Konsert "Kor e tonen" Bergen |
| 17.05 | Folkedans med "De Frilynde", BLS Oslo |
| 19.05 - 21.05 | Samling Sans for dans, Trondheim |
| 19.05 - 21.05 | Barnestemne i Vest-Agder UL, Vigeland |
| 27.05 - 28.05 | Barnestemne Nordmøre UL, UL Frihug, Ålvundeid |
| 30.05 | Årsmøte i Folkekulturforbundet |
| 31.05 | Fyrste sommardans på hytta, BUL Nidaros |
| 03.06 - 04.06 | På sverdeggja – Dragseidspelet, Stadlandet Ungdomslag |
| 09.06 - 11.06 | Fylkesstemne for barn i Hordaland UL, Lindås |
| 09.06 | Premiere sommarsteater på Munkholmen BUL Nidaros |
| 09.06 - 11.06 | Fylkesstemne for barn i Trøndelag, Jøa |
| 11.06 | Bygdøystemnet |
| 16.06 - 18.06 | Stemne i Troms Ungdomsfylking, Grytøya |
| 02.07 - 15.07 | Sommarsteaterskulen, Esbo, Finland, arr NUTU (Nordisk Ungdomsteaterutval) |
| 03.07 - 05.07 | Samling i Ungdomsringen, Trondheim |
| 05.07 - 06.07 | Årsmøte i NU, Trondheim |
| 06.07 - 09.07 | Folkekulturfestivalen Trondheim |
| 25.07 - 30.07 | NORDLEK 2006, Gøteborg |
| 07.08 - 13.08 | Sommarkurs, Follo Folkehøgskule, Akershus |
| 08.09 - 10.09 | Fagseminara, Sørmarka |
| 23.09 | NM i teatersport |
| 29.09 - 01.10 | Folkelarm Oslo |
| 03.11 - 05.11 | Dans og spell, Bodø |
| 25.11 | Åsane Ungdomslag 60 år, Åsane |

Har du fleire aktivitetar som du ynskjer inn på kalendaren? Meld inn på informasjon@ungdomslag.no

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

Nettside: www.ungdomslag.no**Postadresse**

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Kontakt: informasjon@ungdomslag.no**Kontor**

Tollbugata 17

Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550